



KYSTVERKET

Midt-Norge

Tingvoll kommune
Kommunehuset
6630 TINGVOLL

Dykkar ref.: Vår ref.: Arkiv nr.: Saksbehandlar: Dato:
2014/3362-0 423.6 Tormod Hjørungnes Engen 01.02.2018

Fråsegn til andre gongs ettersyn av Sjøområdeplan for Nordmøre - Møre og Romsdal fylke

Viser til dykkar brev datert 04.12.2017 om framlegg til ovannemnde plan.

Saksopplysning

Kystverket er ein nasjonal etat knytt til Samferdselsdepartementet med fagleg ansvar for kystforvaltning og sjøverts ferdsle. Kystverket skal gjennom handsaming av planar og tiltak ta vare på føremålet med *Lov om havner og farvann av 17. april 2009 nr 19* mm. Føremålet med lova er å sørge for trygg ferdsle, framkommeleg farvatn og ei best mogleg planlegging, utbygging og drift av hamner og farleier.

Dei 11 kommunane på Nordmøre har utført eit interkommunalt planarbeid for sjøareala sine. Planarbeidet har hatt som mål å avklare ulike bruk- og verneinteresser med hovudfokus på arealtilgangen til akvakulturnæringa.

Vår vurdering

Ved første gongs ettersyn av planen tidleg 2017 hadde Kystverket ikkje særskilt å merke. Dei endringane i planen som no er framlagt til andre gongs ettersyn vil ikkje få særskild innverknad på dei omsyn Kystverket skal hegne om i medhald av *Lov om havner og farvann*. Kystverket har såleis ikkje særskilt å merke til planframlegget eller arealdisponeringane som er gjort i sjøareala til dei einskilte kommunane.

Med helsing

Harald Tronstad
regiondirektør

Tormod Hjørungnes Engen
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Region Kystverket Midt-Norge

Sentral postadresse: Kystverket
Postboks 1502
6025 ÅLESUND
Telefon: +47 07847
Internett: www.kystverket.no
E-post: post@kystverket.no
For besøksadresse se www.kystverket.no Bankgiro: 7694 05 06766
Org.nr.: NO 874 783 242

Vi ber om at brev, sakskorrespondanse og e-post vert adressert til Kystverket, ikkje til avdeling eller enkeltperson

Eksterne kopimottakere:

Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404	MOLDE
Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Postboks 2520	6404	MOLDE
Statens vegvesen Region midt	Fylkeshuset	6404	MOLDE